



Frå data til høgspant

Elektrofag – Øyrane vidaregåande skule

ELEKTROFAGA

Mange moglegheiter og ei sikker framtid



Drøymer du om ei spennande framtid med sikker jobb og god løn? Då kan elektrofaga vere noko for deg!

Vil du vite kva som gøymer seg inne i ein pc eller eit sikringsskåp? Er du interessert i ny teknologi? Tenk deg ein kvardag utan straum: PC'en virkar ikkje, heller ikkje DVD, Playstation eller mobiltelefonen din – og det kan bli endå verre: Går du ut av huset vil du finne sjukehus utan straum, heisar som ikkje virkar, fly og tog som står og matbutikker utan frysediskar.

Elektrofag gjev deg fleire attraktive val innan yrke Norge sårt treng. Med fagbrev i handa kan du gå vidare til fagskule, høgskule eller universitet. Her kan du nå så langt du berre vil. Hørde vi rakettforskar?...

Dataelektronikarfaget

Likar du å teste ut nye ting på data'en? Då er dette yrket for deg.

Som dataelektronikar kan du jobbe med å halde dataanlegg sikre og oppdaterte. Du må vedlikehalde og fornye. Nye operativsystem og programvare må testast ut. Kanskje du må programmere ein ny «app»?

- Datanettverk
- Service datautstyr
- Brukarhjelp IKT
- Datakommunikasjon



Elenergi

I høgspennmasta, på ei plattform i Nordsjøen eller i dei norske heimar.

Du kan verte ein av dei som får strømmen produsert og levert. Du kan jobbe med styring av automatiserte anlegg. Eit breitt fagfelt der utsiktene for jobb er svært gode.

- Elektriske installasjonar
- Styringssystem (Automasjon)
- Energiproduksjon



Utplassering


Når fagprøva er avlagt, er du sikra jobb. Då kan du ha heile verda som arbeidsområde – elektrofaga er internasjonale.

Utplassering og lokale arbeidsstader:

I løpet av skuletida får du og prøve deg ute i ei eller fleire av våre samarbeidsbedrifter: Sunnfjord Energi, YIT, Sunnfjord Elektro, SYS IKT, Helse Vest IKT, Bravida, ATEA, Eninvest, Enoro, Hellenes og mange fleire

Du bør:

- vere nøyaktig og kunne arbeide sikkert og systematisk
- ha praktisk sans og ha godt handlag
- vere serviceinnstilt





 SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE
Øyrane vidaregåande skule

Øyravegen 1 • 6800 Førde
Telefon: 57 63 73 00
www.oyrane.vgs.no

